

Referat frå årsmøte i Judaberg Båtforening 3.mars 2020.

1. Opning av møtet ved leiar Thor Egil Espeland
2. Leiar blei vald til møtedirigent.
3. Rasmus Mjølshes blei vald til referent.
4. Kjell Augestad og Kjartan Ladstein blei valde til å skriva under møtereferatet.
5. Eivind Vestbø meinte innkallinga til årsmøtet var mangelfull. I tillegg låg der ikkje ved rekneskap for driftsåret 2020. Det skuldast at revisorane ikkje ville godkjenna det som låg føre som rekneskap når årsmøtet skulle haldast.
6. Dagsorden blei einstemmig godkjent.
7. Leiar las opp årsmelding for 2019, og denne blei samrøystes godkjent.
8. Sjå pkt. 5. Det blei likevel vedtatt at styret får fullmakt til å ferdigbehandla rekneskapen når revisorane har gått gjennom tala på nytt og går god for at rekneskapen er rett.
9. Der var ingen innkomne saker.
10. Der var utført vanleg vedlikehald i hamna ved Fåholmen, men ein hadde også hatt store utgifter til eit dykkarselskap for å sjekka fortøyningar og feste for flytebyggjene.
11. I hamna på Judaberg arbeidde styret med å fornya avtalen med COOP Finnøy, og ein hadde tru på få til ein liknande avtale som ein har hatt til nå.
12. Årsmøtet vedtok at alle som skal kjøpa seg båt plass skal betala kr. 10.000,- pr. meter og at dette beløpet også skal indeksregulerast. Nedskrivning med kr.500,- pr meter skal gjelda framleis. Men denne nedskrivninga kjem altså ikkje lenger nye kjøparar av båt plass som tidlegare er nedskriven til gode. Kontingentar elles og medlemsavgift blir uendra.
13. Det blir opna for at alle i Stavanger kommune kan kjøpa båt plass i Judaberg Båtforening.
14. Val

Thor Egil Espeland attvald som leiar for eitt år.

Reidar Roda attvald som nestleiar for eitt år.

Oddmund Sevheim attvald som styremedlem for to år.

Aksel Tunglund vald til nytt styremedlem for to år.

Thomas Nesheim attvald som varamedlem til styret for eitt år.

Kjartan Ladstein vald til nytt varamedlem til styret for eitt år.

Magne Kongsvik attvald til revisor for eitt år.

Rasmus Mjølshes vald til ny revisor for eitt år.

Eivind Vestbø og Nils Petter Flesjå held fram i valnemnd.

Nytt medlem blir Halvard Lauvsnes.

Rasmus Mjølshes

Kjartan Ladstein

Kjell Augestad